

Søknadsskjema for akvakultur i flytande anlegg

Søknad etter lov 17. juni 2005 nr. 79 om akvakultur (akvakulturlova)¹⁾. Søknadsskjemaet er felles for akvakultur-, mattilsyn-, miljø-, vassdrags- og kystforvaltninga. Med unntak av havbeite, som har eige skjema, gjeld skjemaet for alle typar akvakultur i fersk-, brakk- og saltvatn. Ferdig utfylt skjema skal sendast til fylkeskommunen i det fylket som søknaden gjeld for (adresse, sjå rettleiar). Søkjaren har ansvar for at søknaden inneheld fullstendige opplysingar. Opplysingane vert kravde med heimel i akvakulturlova, matlova, forureiningslova, naturvernlova, friluftsløva, vassressurslova, og hamne- og farvasslova. Opplysingar som går inn under forvaltningslova § 13, er ikkje offentlege, jf. offentleglova § 5a. Ufullstendige søknader fører til lengre søknadsprosess, og kan returnerast til søkjaren. Vi viser til ei eiga rettleiing til hjelp ved utfyllinga av skjemaet. Med sikte på å redusere skjemaveldet for verksemdene kan opplysingar som søkjaren har gjeve i dette skjemaet med heimel i lov om Oppgåveregisteret §§ 5 og 6, heilt eller delvis bli nytta også av andre offentlege organ med heimel til å innhente dei same opplysingane. Opplysingar om eventuell samordning får ein ved å vende seg til Oppgåveregisteret på telefon 75 00 75 00 eller hjå Fiskeridirektoratet på telefon 03495.

1 Allmenne opplysningar		
1.1 Søkjaren Lingalaks AS		
1.1.1 Telefonnummer	1.1.2 Mobiltelefon	1.1.3 Faks
1.1.4 Postadresse Grovabrotet 8, 5600 Norheimsund	1.1.5 E-postadresse linga@lingalaks.no	1.1.6 Organisasjons- eller personnummer 960900626
1.2 Ansvarleg for oppfølging av søknaden (kontaktperson) Ole Johan Sagen		
1.2.1 Telefonnummer 91 53 88 75	1.2.2 Mobiltelefon 91 53 88 75	1.2.3 E-postadresse ole.johan.sagen@lingalaks.no
1.3 Søknaden gjeld lokalitet i		
1.3.1 Region i Fiskeridirektoratet Vest	1.3.2 Fylke Vestland	1.3.3 Kommune Kvam

1.3.4 Namn på lokaliteten

Ytre Samlen

1.3.5 Geografiske koordinatar

GPS-posisjoner - AK område				
1	60 21.661	N	6 17.110	Ø
2	60 21.595	N	6 17.243	Ø
3	60 21.459	N	6 17.259	Ø
4	60 21.422	N	6 17.055	Ø
5	60 21.624	N	6 16.906	Ø
GPS-posisjon - Fortøyningssone				
A	60 21.778	N	6 16.988	Ø
B	60 21.769	N	6 17.598	Ø
C	60 21.547	N	6 17.832	Ø
D	60 20.967	N	6 17.866	Ø
E	60 20.706	N	6 17.423	Ø
F	60 21.579	N	6 16.382	Ø

GPS-posisjoner - Fortøyning				
1	60 21.734	N	6 17.061	Ø
4	60 21.747	N	6 17.550	Ø
12	60 21.509	N	6 17.749	Ø
13	60 20.926	N	6 17.707	Ø
15	60 20.784	N	6 17.438	Ø
16	60 21.352	N	6 16.676	Ø
24	60 21.533	N	6 16.491	Ø
26	60 21.695	N	6 16.859	Ø
GPS-posisjoner - Rammeanlegg				
NV	60 21.624	N	6 16.906	Ø
NØ	60 21.661	N	6 17.110	Ø
SØ	60 21.459	N	6 17.259	Ø
SV	60 21.422	N	6 17.055	Ø
MA	60 21.541	N	6 17.083	Ø
GPS-posisjon - Flåte				
MF	60 21.571	N	6 17.227	Ø

2. Planstatus og arealbruk**2.1. Planstatus og vernetiltak**

- Er søknaden i strid med vedtekne arealplanar etter plan- og bygningslova? ☐ Ja ☒ Nei ☐ Ingen plan gjeld
- Er søknaden i strid med vedtekne vernetiltak etter naturvernlova? ☐ Ja ☒ Nei ☐ Ingen vernetiltak gjeld
- Er søknaden i strid med vedtekne vernetiltak etter kulturminnelova? ☐ Ja ☒ Nei ☐ Ingen vernetiltak gjeld

2.2. Arealbruk – arealinteresser

(Om det er naudsynt, bruk pkt. 2.4/ pkt. 5 Tilleggsopplysingar eller pkt. 6 Vedlegg)

Kor stort areal treng det omsøkte tiltaket?

Omsøkt areal er i samsvar med avsett areal til akvakulturformål i kommuneplanen (Kvam herad).

Annan bruk og/eller andre interesser i området:

Alternativ bruk av området:

Friluftsliv og fiske i området. Området er regulert til akvakultur.

Verneinteresser utover pkt. 2.1

2.3. Konsekvensutgreiing

Meiner søkjaren at søknaden treng konsekvensutgreiing etter plan- og bygningslova?

Ja ☒ Nei

- Åkerblå har gjort ei vurdering av behov for KU. Vurderinga ligg som eige vedlegg, sjå pkt 6.3
- Konsekvensutgreiinga som vart gjort av ABO arkitekter ligg på Kvam herad sine heimesider: Sjå pkt 6.3

2.4. Tilleggsopplysingar

Konsekvensutgreiing

I arbeidet med ny kommuneplan for Kvam herad, vart det utarbeida ei konsekvensutgreiing av ABO arkitekter. Lingalaks har i tillegg føretatt ei vurdering av behov for ytterligare konsekvensutgreiing (Åkerblå). Rapport frå vurderinga ligg som vedlegg til søknaden, sjå pkt 6.3.

Raudlisteartar

I behovsvurderinga for KU finn ein liste over trua artar (s.11 og 12) i området, sjå pkt 6.3

Naturtypekartlegging

Åkerblå har gjennomført ei naturtypekartlegging i området knytta til Ytre Samlen, og utarbeidar no ein rapport frå dette arbeidet. Lingalaks vil ettersende rapport frå naturtypekartlegginga når denne er klar og motteke frå Åkerblå.

Kulturminner

I arbeidet med kommuneplanen vart det gjort ei kartlegging av kulturminner på Kvamsøy. Ei samanstilling av desse kulturminnene er sendt ved, og oversikta er å finne på kommunen sine heimesider. Sjå pkt 6.3

3 Søknaden gjeld

3.1 ☒ Klarering av ny lokalitet

(Når det ikkje er løyve til akvakultur på lokaliteten per i dag).
Søknad om nytt løyve til akvakultur eller ny lokalitet for visse typar løyve, jf. rettleiing.

Omsøkt storleik:

Det vert søkt for en mtb på 2060 tonn. Anlegget er teikna som et rammeanlegg med to burrekker på 4 bur, totalt 8 bur. Se vedlagt søknadskart for omsøkt plassering.

8x 100m X 100m + areal til flåte ~ 10000m²= 90 000 m²

Løyvenummer (alle):

Dersom det er tildelt, jf. rettleiinga:

Djupevik og Rossholmen: H-KM0001; HKM0004; HKM0005;
HKM0018; HKM0024

Er det andre som søker om samlokalisering på lokaliteten?

☐ Ja ☒ Nei

Dersom ja, namn på søker(ar):

Sjå også pkt. 6.1.8

eller

3.2 ☐ Endring

Lokalitet nr.:

Løyvenr. (alle):

Endringa gjeld: Set fleire kryss dersom det er nausynt.

☐ Arealbruk/utviding

☐ Biomasse: Auke: (tonn)

Totalt etter endring:

☐ Annan storleik Auke:(tonn)

Totalt etter endring:

☐ Løyve til ny innehavar på lokaliteten

☐ Endring av art

☐ Anna

Spesifiser:

3.3 Art

3.3.1 ☒ Laks, aure og regnbogeaure (Føremålet må og kryssast av)

☒ Kommersiell matfisk

☐ Forsking

☐ Fiskepark

☐ Undervisning

☒ Visning

☐ Stamfisk

☐ Slaktemerd

3.3.2 ☐ Annan fiskeart

Oppgi art:

Latinsk namn:

3.3.3 ☐ Annan akvakulturart

Oppgi art:

Latinsk namn:

3.4 Type akvakulturløyve (produksjonsform, set fleire kryss dersom det er nausynt)

☐ Setjefisk

☒ Matfisk

☐ Stamfisk

☐ Slaktemerd

☐ Tidlege livsstadier av blautdyr, kreps og pigghuder

☐ Seinare livsstadier av krepsdyr, blautdyr og pigghuder

☐ Anna, t.d. manntal, fangstbasert

Spesifiser:

3.5 Tilleggsopplysingar om søknaden gjeld matfisk av laks, aure eller regnbogeaure

3.5.1 Disponible lokalitetar

Lok.nr.:30717	Lok.namn: Tveitnes
Lok.nr.: 10338	Lok.namn: Djupevik
Lok.nr.:12018	Lok.namn: Rossholmen
Lok.nr.:12973	Lok.namn: Saltkjelen
Lok.nr.:12022	Lok.namn: Ljonesbjørgene
Lok.nr.:12085	Lok.namn: Aplavik
Lok.nr.: 12095	Lok.namn: Bergadalen
Lok.nr.: 24937	Lok.namn: Nebbo
Lok.nr.: 11665	Lok.namn: Jibbersholmane
Lok.nr.: 31497	Lok.namn: Toska N
Lok.nr.: 14018	Lok.namn: Toska S
Lok.nr.: 11754	Lok.namn: Bøøy
Lok.nr.: 11513	Lok.namn: Andal
Lok.nr.: 11534	Lok.namn: Klungsholmane
Lok.nr.: 32457	Lok.namn: Dalsvåg
Lok.nr.: 10029	Lok.namn: Tuholmane Ø
Lok.nr.: 18217	Lok.namn: Kvaløy Ø

3.5.2 Gjeld lokalitetsklareringa ein annan region enn den regionen søkjaren alt har fått tildelt løyve?

☐ Ja ☒ Nei

Dersom svaret er ja, er det søkt om særskild dispensasjon?

☐ Ja ☐ Nei

3.6 Tilleggsopplysingar

Det vert søkt om ei biomasse på 2060 tonn på lokaliteten Ytre Samlen. Produksjonen på den nye lokaliteten er tenkt å erstatta produksjonen på Djupevik (mtb 1560 t) og Rossholmen (mtb 500 t, visningsløyve), og vil difor ikkje medføre auka produksjon i Hardangerfjorden.

4. Omsyn til folkehelse, smittevern og dyrehelse, miljø, ferdsle og tryggleik til sjøs

4.1 Omsyn til folkehelse, ytre ureining

Avstand til utslepp frå kloakk, industri (noverande eller tidlegare), landbruk o.l. innanfor 5 kilometer

Det er spreidd og enkelte stader tett busetnad innanfor 5 km.

Avstand til tettstaden Øystese er 5,25 km. I Øystese er det busetnad og variert industri, samt kloakkrensseanlegg.

Industri

- **Øystese:** Øystese betong, verkstader mv.,
- **Laupsa:** Det er planar for industriområde på Laupsa, avstand ca 3,5 km
- Landbruk og fruktdyrking med utslepp innanfor 5 km

4.2 Omsyn til smittevern og dyrehelse

4.2.1 Akvakulturrelatert verksemd eller lakseførande vassdrag i nærområdet m.m. innanfor 5 kilometer

Stadnamn og type verksemd i lakseførande vassdrag:

- **Matfiskproduksjon:** Mowi Svåsand 3,8 km, Rossholmen 3,8 km,
- **Akvakulturlokalitet skjell:** Vardanes 3,7 km
- **Sjørret :** Øystesevassdraget 5,25 km, Laupsabekken, 3,9 km

4.2.2 Driftsform

Driftsforma på Ytre Samlen skal vere utsett av smolt/postsmolt og påvekst til slakteklar laks. Lingalaks AS skal drive berekraftig og arbeide for null utslepp og tap av ressursar.

Lingalaks ynskjer å flytte produksjonen frå lokalitetane Djupevik (10338) og Rossholmen (12018), der vi har vårfisk med utsett i mars (partal) ihht gjeldande sonereglar, og vil drifta Ytre Samlen tilsvarende som øvrige lokalitetar i Hardangerfjorden.

Drifta baserer seg i dag på "alt inn – alt ut" med minst mogeleg handtering av fisk frå utsett av smolt til slaktemoden fisk. Vi legg opp til produksjonssyklus på 24 månader, noko som legg til rette for god brakkleggingstid (meir enn 2 månader) mellom generasjonar.

For å ha kontroll med føring og utnytting av føret til ei kvar tid, vert all fisken i alle anlegga våre føra med kontinuerleg kameraovervåking frå førsentralen på hovudkontoret vårt i Norheimsund. Dette vil også verte praksis på Ytre Samlen. Vi har interne lusegrenser som er lågare enn nasjonale grenser i heile selskapet, noko som vil vere gjeldande for ein ny lokalitet ved Ytre Samlen. Lingalaks jobbar for å ha null utstlepp frå lokalitetane både med tanke på medikament og kjemikalier. Som eit ledd i dette, er alle nøter på anlegga til Lingalaks koparfrie.

Ytre Samlen har gode straumtilhøve med god utskiftning av vatnet, og er godt eigna for lakseproduksjon. Tilhøva legg til rette for mindre punktbelastning av botn enn det vi har erfart på Djupevik. Ei flytting av produksjonen frå Djupevik og Rossholmen til Ytre Samlen vil difor ha samla positiv effekt på miljø.

Rossholmen er ein visningslokalitet, og har årleg om lag 11.000 besøkande. Lokaliteten er tilknytt visningsaktiviteten på Akvasenteret i Øystese. Senteret opna ny virtuell utstilling i 2020 i nye lokale i Hardangerbadet i Øystese, og er meir tilgjengeleg enn før både for turistar og lokale. Det vil vera positivt for aktiviteten på Akvasenteret å flytta visningslokaliteten nærare Øystese. Flyttinga frå Rossholmen til Ytre Samlen er i samsvar med kommuneplanen sin arealdel og areal sett av til akvakulturføremål.

4.3 Omsyn til miljø

4.3.1 Planlagd årleg produksjon

2000 t

4.3.2 Forventa fôrforbruk i tonn

2600

4.3.3 Miljøtilstand

I sjø B-gransking (i samsvar med. NS 9410), tilstandsklasse: 1 C-gransking (i samsvar med. NS 9410): X Ja ☐ Nei Anna miljøgransking: X Ja ☐ Nei	I ferskvatn Klassifisering av miljøkvalitet i ferskvatn: ☐ Ja ☐ Nei	Miljøgransking Gransking av biologisk mangfald mm: X Ja ☐ Nei
--	--	---

4.3.4 Straummåling

	Gjennomsnittlig hastighet (cm/s)	Hovdestrømretninger
Vannutskiftningsstrøm 5m [cm/s]:	19	210°, 225°, 195°, 60°
Vannutskiftningsstrøm 15m [cm/s]:	10	210°, 195°, 225°, 105°
Spredningsstrøm 115 m [cm/s]:	5	255°, 240°, 270°, 225°
Bunnstrøm 145 m [cm/s]:	4	240°, 225°, 210°, 255°

4.3.5 Salinitet (ved utsepp til sjø):

Maksimum: 35 ‰ Minimum: 25
 Djupn: 375 m Djupn: 0

4.4 Omsyn til ferdslø og tryggheik til sjøs

4.4.1 Minste avstand til trafikkert farleid/areal

0 m
Hovedled: 1,1 km

4.4.2 Rutegående trafikk i området (namn på operatør)

Ja - Norled (sommerrute – usikkert kor lenge dette er eit transporttilbod)

4.4.3 Sjøkablør, vass-, avlaups- og andre røyrleidningar (namn på eigar)

Sjøkabel nordøst for Kvamsøy i avstand frå fortøyningsområdet

4.4.4 Lokalisering av anlegget i høve til sektorar frå fyr og lyktør

X Kvit ☐ Grøn
☐ Raud ☐ Ingen

4.5 Tileggsopplysingar

Fyrlyktør på Jonanes og Håstabbenes, begge gir kvit sektor mot anlegget.

Enveis trafikklop faste merke sør på Kvamsøy.

Markeringslys vil bli montert iht Kystverket sitt krav, på rammefortøyning og flåte.

5. Tilleggsopplysingar

Lingalaks AS har behov for å få nye og meir berekraftige og robuste lokalitetar. Omsøkte Ytre Samlen ligg i eit område avsett til akvakulturføremål i arealdelen i gjeldande kommuneplan. Omfattande undersøkingar av straum, botn og miljøtilhøve tyder på at lokaliteten er godt eigna for matproduksjon av laks. Søkjar har etter ei behovsvurdering av Åkerblå AS funne ut at lokaliteten ikkje treng konsekvensutgreiing etter plan- og bygningslova. Det blir likevel utført naturmangfald og naturressurskartlegging kring anlegget.

Lokalitet er også sær s godt eigna for visningsaktivitet for turistar og besøkjande på bakgrunn av nærheita til visningssenteret på Hardangerbadet i Øystese. I tillegg er det ein føremon at ein får sett eit anlegg med reell størrelse for sjømatproduksjon av laks. Området er i samsvar med arealdelen i kommuneplanen, og er eigna for tilrettelegging for turistaktiviteter.

6. Vedlegg

6.1 Til alle søknader (jf. pkt. 3.1 og 3.2)

6.1.1 X Kvittering for betalt gebyr

6.1.2 X Straummåling

6.1.3 Kartutsnitt og anleggsskisse (Til alle søknader som fører med seg ny eller endra arealbruk)

X Sjøkart (M = 1:50 000) • Anna akvakulturrelatert verksemd m.m. • Kablar, vassleidningar o.l. i området • Tersklar med meir • Anlegget avmerkt	X Kystsonaplankart • Anna akvakulturrelatert verksemd m.m. • Kablar, vassleidningar o.l. i området • Anlegget avmerkt	X Kart i N -5 serie, evt Olex, C-Map e l. (M= 1:5 000). • Anlegget med fortøyningssystem og koordinatfesta ytterpunkt • Oppdatert kystkontur • Plassering av strømmålar • Utslepp frå kloakk, landbruk, industri o l. • Kablar, vassleidningar, rørleidningar o.l. i området • Ev. flåtar og landbase
X Anleggsskisse (ca M = 1 : 1 000) • Anlegg (med ev. flåtar) • Fortøyningssystem med festepunkt (bolt, lodd eller anker) • Gangbruer • Flaumlys/produksjonslys • Flytekragar • Andre flytande installasjonar • Markeringslys eller lyspunkt på anlegget: Merker anlegget i henhold til Kystverkets krav		
6.1.4 X Undervassstopografi I kart (vedlegg 6.1.3)		6.1.5 X Beredskapsplan (jf. etableringsforskrifta frå Mattilsynet.)
6.1.6 Konsekvensutgreiing (jf. rettleiinga pkt 2.3.) Sjå punkt 6.3 (BKU Åkerblå og KU ABO arkitektar)		6.1.7 ☐ Særskilt vedlegg ved store lokalitetar
6.1.8 ☐ Samtykkeerklæring Til alle søknader der andre har løyve på lokaliteten		6.1.9 X IK-system (jf. etableringsforskrifta frå Mattilsynet)

6.2. Når søknaden gjeld akvakultur av fisk		
6.2.1 Miljøtilstand Unntak: Endring som gjeld anna enn biomasse (jf. pkt. 3.2)		
I sjø B-gransking ☒ C-gransking ☒ Anna miljøgransking: X	I ferskvatn ☐	Miljøgransking Gransking av biologisk mangfald m.m.: X Sjå pkt 6.3: Naturtypekartlegging
6.2.2 ☐ Tilsagn om akvakulturløyve Til søknader om lokalitet der løyvenummer ikkje er tildelt Gjeld berre laks mv.		6.2.3 ☐ Aktivitetsutgreiing til søknad om stamfisk for laks, aure og regnbogaure

6.3 Andre vedlegg spesifiser

- **6.3.1 Helseuttale:** Lingalaks nyttar seg av tjenester frå FoMas. Då det ikkje har vore fisk på Ytre Samlen før, har FoMas skrive ei helseuttale for Lingalaks generelt. Sendt som vedlegg. Lingalaks har Veterinær helseplan som styringsverktøy innan helse. Denne kan ettersendast dersom det er ynskjeleg.
- **6.3.2 BKU:** Åkerblå har gjort ei vurdering av behov for konsekvensutgreiing. Rapport for dette er lagd ved.
- **6.3.3 Kulturminne:** Oversikt over kulturminner ligg i vedlegg. Oversikt er og å finne på:
<https://kulturminnesok.no/search?queryString=kvamsøy&size=20#hit1>
- **6.2.1 Naturtype:** Det har vore utført ei naturtypegransking i området. Rapport frå denne vert sendt så snart den er ferdig frå Åkerblå.
- **KU:** Rapport frå ABO arkitektar, utarbeida for Kvam herad under arbeidet med kommuneplanen i 2019, er å finne på:
<https://www.kvam.no/aktuelt/kommuneplanen-akvakulturrapport-klar.26054.aspx>
- For beredskapsplan og IK-system (6.1.5 og 6.1.9) har vi sendt bilder frå kvalitetssystemet til Lingalaks. Dersom det er ynskjeleg å få innsyn i prosedyrane, kan desse ettersendast.
- For punkt 6.1.4 Undervassstopografi, sjå vedlegg 6.1.3 Søknadskart

Norheimsund, 02.03.21


.....
Anita Stevnebo
biologisk koordinator Lingalaks AS